



MØTEPROTOKOLL

Utval	Formannskapet
Møtedato	04.05.2017
Møtestad	Fjelberg prestegard
Møtetid	15:00 – 18:00

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Peder Sjo Slettebø	Ordførar	H
Leif Sverre Enes	Medlem	H
Sølvi Ulvenes	Medlem	H
Marit Aarhun	Medlem	KRF
Hilde Enstad	Medlem	AP
Ove Lemicka	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Bernth Harry Eliassen	MEDL	AP
Hans Inge Myrvold	V ORDF	SP
Gerd Laura Bondhus	MEDL	SP

Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Øyvind Lernes	Gerd Laura Bondhus	H
Gunnar Våge	Hans Inge Myrvold	SP
Gretha Rød	Bernth Harry Eliassen	AP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Odd Ivar Øvregård	Rådmann
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Kvinnherad Næringssservice v/Silvia Tofte informerte om stoda i KNS pr.dags dato.

Geir Jacobsen, styreleiar i KNS, hadde ein gjennomgang over utfordringane til Kvinnherad

Næringssservice, kva fokusområde dei har og ikkje minst kva verdiar som ligg i arbeidet dei utfører.

Eit primært ynskje er at dei kan få auka finansiering frå kommunen slik at Kvinnherad

Næringssservice kan fokusera på næringslivet til felles beste.

Rådmannen lova å ta dette med i budsjettrevisjonen i juni.

Skyss v/Målfrid Vik Sønstabø informerte om Skyss sine kontraktstildelingar for ferjer frå 2020. Kvinnherad kommune hadde merknad til ferjebyte på ferja Gjermundshamn-Årsnes. Det er etter planen sett inn ei ferje med salong for passasjerane under bildekket, dvs ingen utsikt ut. Det er eit sterkt ynskje frå kommunen at det her vert sett inn ei ferje der passasjerane kan få sitje oppe og nyte utsikt over fjord og fjell.

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

Ingen.

Evt. endring på saksrekkefølge:

Ingen.

Tilleggssaker:

Ingen.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/35	Årsmelding/rekneskap 2017
PS 2017/36	Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp
PS 2017/37	Uttale -Konsesjonssøknad - Overføring av Grønningsbekken 2 og bekk Urdabotn - Sunnhordland Kraftlas AS (SKL)
PS 2017/38	Avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Kvinnherad kommune

PS 2017/35 Årsmelding/rekneskap 2017

Behandling i Formannskapet den 04.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 04.05.2017

1. Årsmeldinga og årsrekneskapen for 2016 vert godkjent slik dei ligg føre.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk i rekneskapen for 2016, kr 21 020 321, vert disponert slik:
 - A) Kr 15,1 mill vert avsett til eigenkapitaldel av kraftfondet
 - B) Kr 5 920 321 vert avsett til disposisjonsfondet merka premieavvik pensjon.

PS 2017/36 Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp

Behandling i Formannskapet den 04.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 04.05.2017

Kvinnherad kommune vedtek at den til ei kvar tid gjeldande siste utgåve av «Standard abonnementsvilkår» herunder *Tekniske bestemmelsar* og *Administrative bestemmelsar* frå KS, gjeld for Kvinnherad kommune frå dags dato. Desse vilkåra vil gjelda så sant ikkje anna er vedteke i lokal føresegn eller norm.

PS 2017/37 Uttale -Konsesjonssøknad - Overføring av Grønningsbekken 2 og bekk Urdabotn - Sunnhordland Kraftlag AS (SKL)

Behandling i Formannskapet den 04.05.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ MARIT ÅRTHUN, KRF:

Kvinnherad formannskap rår til at SKL ikkje får konsesjon til å overføra Grønningsbekken 2 og bekk Urdabotn. Dette av omsyn til samla belastning for området.

Røysting: Rådmannen si innstilling fekk 7 røyster og vart vedteken.

Marit Årthun sitt forslag fekk 2 røyster og fall.

Vedtak frå Formannskapet den 04.05.2017

Kvinnherad Formannskap rår til at Sunnhordland Kraftlag AS frå konsesjon til å overføre Grønningsbekken 2 og bekk Urdabotn til Blåfalli 111 som omsøkt.

PS 2017/38 Avgrensa høyring av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - uttale frå Kvinnherad kommune

Behandling i Formannskapet den 04.05.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ ØYVIND LERNES, H m.fl:

- Kvinnherad formannskap vil sterkt rå frå at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (planframlegget) vert vedteken slik den ligg føre.
- Kommune i planområdet må stå fritt til å gjere framtidig planvedtak som går på tvers av planframlegget. Planframlegget kan ha status som kunnskapsgrunnlag for kommunal planlegging, men ikkje som heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.
- Interkommunalt og regionalt planarbeid må i framtida koordinerast, slik at det ikkje vert vedteke planar som står i motstrid.
- Dersom Hordaland Fylkeskommune vedtek planen i sin noverande form vil Kvinnherad kommune vurdera å klage inn vedtaket etter plan og bygningslova §8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i plana, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplanar.

Røysting: Rådmannen si innstilling vart sett opp mot nytt framsett forslag.

Rådmannen si innstilling fall og nytt framsett forslag vart samrøystes.

Innstilling frå Formannskapet den 04.05.2017

- Kvinnherad formannskap vil sterkt rå frå at regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (planframlegget) vert vedteken slik den ligg føre.
- Kommune i planområdet må stå fritt til å gjere framtidig planvedtak som går på tvers av planframlegget. Planframlegget kan ha status som kunnskapsgrunnlag for kommunal

planlegging, men ikkje som heimelsgrunnlag for regionale styresmakter til å gje motsegn til kommunale planar.

- Interkommunalt og regionalt planarbeid må i framtida koordinerast, slik at det ikkje vert vedteke planar som står i motstrid.
- Dersom Hordaland Fylkeskommune vedtek planen i sin noverande form vil Kvinnherad kommune vurdere å klage inn vedtaket etter plan og bygningslova §8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i plana, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplanar.